

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtar at:

1. Fylkesveg 48, mellom Sætrevika og kryss fv. 136 (Tysse bru) med ein lengde på ca. 2700 meter vert omklassifisert til kommunal veg.
2. Fylkesveg 48, mellom kryss fv. 136 (Tysse bru) til nytt kryss ved Tysseelva (fv. 48), med ein lengde på 300 meter får nytt vegnummer. Strekninga vert ei forlenging av fv. 136.
3. Før endeleg vedtak trer i kraft og vegen overleverast til Samnanger kommune skal vegen setjast i den stand som følgjer av veglova § 7 fjerde ledd og i samsvar med notatet etter synfaringa 20.05.2014 frå Statens vegvesen.